

# Retningslinjer for FAU på Vinjar skule

## Samansetning

FAU skal bestå av to representantar (klassekontaktar) frå kvar klasse. Mindre klassar (6 elevar og færre) kan ha ein representant og eit varamedlem. Rektor blir invitert til møta, men er ikkje ein del av FAU.

## Stemmegeving

Kvar klasse har ein stemme uansett om det er to representantar eller ein representant og eit varamedlem.

## Konstituering

FAU konstituerer seg sjølv. Leiaren av FAU blir valt på slutten av våren. Dette skal fortrinnsvis vera ein representant som har vore med i FAU tidlegare. På møtet kor ein vel ny leiar, skal både gamle og nye representantar til FAU vera invitert.

Resten av FAU blir konstituert ved oppstart av nytt skuleår.

## Rollefordeling

### *Leiar*

- Er med i KFU, SU og SMU
- Har ansvar for å kalle inn til FAU-møte i samarbeid med rektor
- Leie FAU-møta

### *Nestleiar*

- Er med i KFU, SU og SMU
- Erstattar leiaren ved fråfall

### *Kasserar*

- Føre rekneskapet til FAU
- Har ansvar for å organisere aktivitetsskveldane for 5.-7. klasse: 2 på hausten og 3 på våren

### *Skrivar*

- Skriv referat frå møta. Referat skal sendast til alle medlem i FAU, inkludert evt. vararepresentanter og leggjast ut på den lukka facebook-gruppa til FAU.
- Publisere innkalling og referat på skulen si heimeside under fana til FAU

### *Medlem*

- Formidle aktuelle saker frå klassen sin og lage vegen kort til FAU.
- Ta på seg oppgåver utanom dei faste rollene i FAU.
- Eit medlem må også vera med i SMU

### *FAU sine forventingar til rektor*

- Formidle informasjon om FAU; oppgåver og retningslinjer til foreldra til dei som skal byrje i 1. klasse
- Leggje til rette for eit godt samarbeid mellom heim og skule
- Ha møte med FAU-leiar i forkant av FAU-møte
- Delta på nokre av FAU-møta

## Møte

FAU har møte ca 4 gonger i året.

FAU, med unntak av klassekontaktane for 7. klasse, har ansvaret for 7. klasse avslutninga. Klassen må sjølv jobbe dugnad for å dekke utgiftene til festen.

## Arkivering

FAU har fleire permar/bøker med tidlegare referat. Desse blir lagra på skulen. Frå 2018 blir ikkje referat frå møta samla i ein perm, men dei blir publisert på heimesida til skulen.

\*\*\*\*\*

## Ordforklaringar

Forkorting	Forklaring	Samansetning	Evt.
FAU	Foreldrerådets arbeidsutvalg	2 representantar frå kvar klasse	
KFU	Kommunalt foreldreutval	2 representantar frå kvart FAU i kommunen	<a href="http://www.minskule.no/kfau">www.minskule.no/kfau</a>
SU	Samarbeidsutval	2 lærarar, 2 elevar, 2 representantar frå FAU (leiar og nestleiar), 2 frå kommunen (ein politikar og rektor)	Ca 2 møter i året Skulens øvste rådgivande organ. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.
SMU	Skulemiljøutval	Alle representantane i SU, inkludert 1 elev og ein representant frå FAU ekstra	Ca 2 møter i året Tek opp saker som handlar om skulemiljøet og det sosiale miljøet